



Frå inngangsprosesjonen med biskop Halvor Nordhaug og den nye soknepresten i Uskedalen, Lina Håland.

**Husnes kyrkje var ikkje fullsett, men mykje folk var likevel møtt fram til gudsteneste då Lina Håland vart ordinert til sokneprest i Uskedalen. Biskop Halvor Norhaug opna med å sei at Lina var den fyrste presten i bispedøme som møter til ordniasjon med eige kor og eigen turnebuss. Dette fortel oss at Lina Håland er ein songglad prest, noko vi alle vil merka i hennar teneste i Kvinnherad.**

Lina Håland har funne vegen til Den norske kyrkja via karismatiske rørsler og Pinsekyrkja. Ho har teologistudie frå Misjonshøgskulen i Stavanger, og ho har møtt fleire kristne miljø i India og i USA. Hennar erfaring og mangfald vil vera til stor nytte i prestegjeringa i Uskedalen, Husnes, Valen og Holmedal sokner,

I talen sin takka ho for ei varm og god mottaking i Husnes prestegjeld, både i tida som vikarprest og no etter at ho fekk jobben.

Soknerådet i Uskedalen var medarrangør og hadde plikter på festen i Husnes bedehus etterpå. Det var likevel dårleg frammøte frå Uskedalen, berre eit titals frammøtte. Det har truleg samanheng med at det var møte på bedehuset i Uskedalen kl. 11, men og at det er museumsdag på Rød med innlagd gudsteneste i ettermiddag.



Biskopen og andre medverkande står for sjølve ordinasjonen.

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland